



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
23/87028-2

Dykkar referanse:
20/18094 –
23/35824

Vår dato:
27.06.2023

Uttale til detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua – Offentleg ettersyn og høyring – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 09.05.2023. Saka gjeld offentleg ettersyn og høyring av detaljreguleringsplan for fv. 565 Alversundbrua. Merknadsfrist er sett til 28.06.2023.

Reguleringsplanen startar på fv. 565 rett sør for krysset med fv. 5476 Skarsvegen aust for Alverstraumen, og blir avslutta rett sør for kryss med kommunalveg Vardane, vest for Alverstraumen. Samla lengde på vegstrekninga er ca. 800 m.

Føremålet med planen er å leggje til rette for eit godt vegsystem som gir god framkomst og god tryggleik for alle trafikantgrupper, inkludert gåande og syklende. Ny bru og veg skal ha ei god utforming og leggje til rette for vidareutvikling av tettstaden Alversund. I planarbeidet skal det takast omsyn til Den Indre Farleia, pågåande planarbeid og eksisterande planar i området.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Uttale

Som det også går fram av vår uttale til oppstartsmelding (brev dagsett 22.03.2021) vurderer Statens vegvesen dette som eit viktig vegprosjekt. Alversund er eit naturleg knutepunkt langs fv. 565 med kiosk og bensinstasjon, i tillegg til kyrkje og barneskule.

Alternativ V7C er ikkje lenger eit aktuelt alternativ i arbeidet med ny KDP for E39 Flatøy–Eikefettunnelen. Vi har derfor ikkje merknad til Vestland fylkeskommune si avgjerd om å ikkje reservere areal til ei eventuell framtidig løysing i denne reguleringsplanen.

Det vert i saksdokumenta vist til Sykkelstrategi for Alver 2021–31 og at Alver kommune har mål om at reisande med sykkel skal aukast monaleg. Planframlegget støtter etter vår vurdering opp om denne strategien gjennom at det samstundes med etableringa av ny bru vert lagt opp til heilskaplege løysingar for mjuke trafikantar. Det er vidare positivt at planen og tar med seg oppgradering av eksisterande busshaldeplassar på begge sider av brua.

Ut frå planskildringa er det å lese at ein reknar med ein byggeperiode på om lag tre år, inkludert riving av den gamle brua. Vegstrekninga som skal byggjast ut er kort og det er ikkje lagt opp til etappevis utbygging. Som sektormynde er Statens vegvesen oppteken av at mjuke trafikantar vert ivaretatt i heile byggeperioden. I planskildringa er dette temaet omtalt. Etter det vi kan sjå er omsynet til mjuke trafikantar ivaretatt gjennom føresegnene pkt. 5 bokstav d.

Statens vegvesen har ingen vesentlege merknadar til planframlegget.

Transportforvaltning
Med helsing

Hilde Birgitte Kalleklev
fung. seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.